

AVTALE OM TILRETTELEGGING FOR FERDSEL MED HEST

1. FORMÅL OG PRESISERINGAR

Formålet med denne avtalen er å regulere ferdsel med hest på Egedommen, jf. punkt 2. Siktemålet er å førebyggje konflikhtar mellom grunneigaren og dei som nyttar egedommen til riding/køyring.

Aktsam ferdsel innanfor grensene for friluftsløva er tillate utan avtale. Ferdsel og tiltak ut over grensene for friluftsløva krev avtale.

Ved hesterelatert ferdsel av eit visst omfang blir det anbefalt avtale som konfliktførebyggjande tiltak, sjølv om ferdselen samla sett, eller for enkelte brukarar, kan liggje innanfor grensene for friluftsløva. Kommunen, hestesportsforeiningar eller andre større brukarar bør inngå ein slik avtale. Dette gjeld uavhengig av om ferdselen er kommersiell, ideell eller privat.

Grensene for friluftsløva er nærmare beskrivne i brosjyre om bruk av hest i utmark, utarbeidd i fellesskap av Norsk Hestesenter, Bondelagets Servicekontor AS, Norges Skogeierforbund, Det Norske Travelskap og Norges Rytterforbund.

2. EIGEDOMMEN

Avtalen gjeld gnr. _____ bnr. _____ ofl. i _____ kommune (Egedommen).

Når det blir inngått avtale om ferdsel over fleire driftseiningar, jf. jordlova § 12 fjerde avsnitt, må ein inngå eigen avtale med eigaren av kvar driftseining. Dette gjeld likevel ikkje når Grunneigarane er organiserte i veglag eller grunneigarsamarbeid med eige organisasjonsnummer og styre.

3. AVTALEPARTANE

Avtalen er inngått mellom følgjande partar:

Grunneigar: _____ Org.nr.: _____

Adresse: _____

Postnr./-stad: _____ Telefon: _____

Leigetakar: _____ Org.nr.: _____

Adresse: _____

Postnr./-stad: _____ Telefon: _____

Talet på leigetakarar (må fyllast ut – set kryss):

Avtalen er inngått med éin leigetakar

Avtalen er inngått med fleire leigetakarar. Den leigetakaren som er kontaktperson, går fram ovanfor. Namna og adressene til dei andre går fram av **Bilag A** til denne avtalen.

4. LEIGETAKARENS RETTAR

Når ikkje anna er avtala, har Leigetakaren rett til vederlagsfri bruk innanfor grensene for friluftsløva. Egedommen kan likevel ikkje nyttast til konkurranse utan særskild avtale.

Leigetakaren har rett til ferdsel med hest langs dei traseane som er avmerkte på det vedlagde kartet merkt **Bilag B**. Avtalen omfattar også alle andre som fører hest i regi av Leigetakaren.

I samheng med aktivitet som nemnt i første avsnitt er følgjande avtala og avmerkt i **Bilag B**:

- Tilgang til å merkje trasear i samsvar med punkt 5.
- Tilgang til å etablere eller bruke rasteplass og leirplass i samsvar med punkt 5.
- Tilgang til å etablere eller bruke innhegning o.l. for hest i samsvar med punkt 5.
- Tilgang til å bruke særskild strekning til trav- og galopp trening i samsvar med punkt 5.
- Tilgang til å bruke innmark og vegar over innmark utanfor dyrkingsperioden, i samsvar med punkt 5.
- Tilgang til å bruke eksisterande hytte, stølshus, koie o.l. i samsvar med punkt 6.

Anna: _____

5. TILTAK I SAMSVAR MED FERDSELEN

Tiltak som er nemnde i punkt 4 tredje og fjerde avsnitt, kan ikkje startast eller gjennomførast før det ligg føre ein detaljert skriftleg plan som er førehandsgodkjend av Grunneigaren. Ein slik plan skal leggjast ved denne avtalen som **Bilag C**. Vidare må det liggje føre nødvendig samtykke frå det offentlege på den måten som er føreskriven i lov eller forskrift.

Utover det som er bestemt i første avsnitt, kan Leigetakaren ikkje utføre tiltak av nokon art, til dømes etablere, utvide, endre eller tilpasse gjerde, vegar, stigar, ridetrasear eller andre anlegg.

6. BRUK AV HYTTE, STØLSHUS, KOIE O.L.

I tidsrommet frå _____._____ til _____._____ skal Leigetakaren kvart år mens avtalen gjeld, disponere ____ stk. hytte, stølshus, koie o.l. Desse er avmerkte i kart vedlagt som **Bilag B**.

Ordensreglar ved bruk av hytte o.l. som nemnt i første avsnitt er lagt ved som **Bilag D** til denne avtalen.

7. LEIGEPERIODE

Avtalen gjeld i _____ år frå _____._____ til _____._____, og deretter gjeld han for nye _____ år om gongen, inntil ein av partane seier han opp i samsvar med reglane i punkt 10 eller 11.

8-1. VEDERLAG

Ved ordinær bruk innanfor grensene for friluftsløva blir vederlaget i andre avsnitt som regel sett til kr 0,-. Det kan likevel avtalast eit fast årleg beløp etter punkt 12 første avsnitt siste setning.

Årleg fast vederlag etter denne avtalen er kr _____. Av dette går kr _____ til å dekkje skade eller meirkostnad som nemnt i punkt 12 første avsnitt. I tillegg til vederlaget etter første og andre setning kjem eventuell meirverdiavgift.

Vederlag etter andre avsnitt skal betalast inn til kontonr. _____, og forfell forskotsvis og uoppfordra fire veker før den datoen som er fastsett i punkt 7. Ved forseinka betaling blir det berekna forseinkingsrente i samsvar med lov om forseinka betaling.

Når avtalen varer i fleire år, skal vederlaget regulerast årleg på følgjande måte (set kryss):

- Etter konsumprisindeksen
 - Anna: _____
-

8-2. TILLEGG FOR SÆRSKILDE VEDERLAG

I tillegg til vederlag etter punkt 8-1 kjem følgjande variable postar (set kryss):

- Kr _____ per hest dei dagane Leigetakaren har meir enn ____ hestar på Eigedommen.
- Kr _____ per døgn ved overnatting i samsvar med punkt 6.
- Kr _____ per måned ved trening av trav- og galopphest.

Punkt 8.1 andre avsnitt tredje setning, og tredje og fjerde avsnitt gjeld tilsvarande, men likevel slik at vederlag etter dette avtalepunktet forfell etterskotsvis ved utgangen av kvar måned.

9. SYNFARING O.L.

Det skal gjennomførast felles synfaring både når denne avtalen blir inngått og når han blir avslutta, og elles etter krav med rimeleg varsel frå ein av partane. Formålet med synfaringa er å opplyse kva slags tilstand det er på areal, vegar, gjerde o.l. som denne avtalen vedkjem. Det skal kvar gong utarbeidast ein synfarringsrapport som blir underteikna av begge partar. Kvar av partane kan krevje at synfaringar blir leidde av ein kommunal landbrukskunnig eller ein annan uavhengig landbrukskunnig som partane peikar ut i fellesskap.

Synfarringsrapport når avtalen blir inngått, blir lagd ved som **Bilag E** til avtalen.

10. OPPHØYR

Etter avtala minstetid, jf. punkt 7, kan kvar av partane avslutte denne avtalen ved skriftleg oppseiing. Avtalen kan avsluttast før dette tidspunktet ved skriftleg samtykke frå begge partar.

Frist for oppseiing etter første ledd er _____ månader før den datoen som er fastsett i punkt 7. Er det gått over fristen, gjeld avtalen i ytterlegare eitt år frå den datoen som er fastsett i punkt 7.

11. MISLEGHALD

Kvar av partane kan seie opp denne avtalen med verknad straks når føresegner som er fastsette i eller i samsvar med avtalen, er vesentleg misleghaldne. Det same gjeld brot på føresegner som er fastsette i eller i samsvar med lov eller vilkår sette av offentleg myndigheit.

Før det kan konstaterast vesentleg misleghald etter første avsnitt, skal den andre parten – avhengig av kor alvorleg og viktig forholdet er – som hovudregel få ein rimeleg frist for å rette forholdet. Varsel om frist for retting skal vere skriftleg.

12. SKADEERSTATNING

Leigetakaren er erstatningsansvarleg for skadar eller meirkostnader som bruk eller verksemd i samsvar med denne avtalen har påført Grunneigaren, ut over det Grunneigaren må tole etter friluftslova §§ 2-6 og 9. Som skade eller meirkostnad reknar ein mellom anna slitasje på veg eller gjerde som har direkte samanheng med Leigetakarens verksemd. Skade eller meirkostnad etter denne føresegna kan i staden inngå i årleg vederlag etter punkt 8-1 første avsnitt andre setning.

Leigetakaren kan krevje sjølv å få stå for utbetring av skadar o.l. som nemnt i første og andre avsnitt.

Grunneigaren kan i så fall setje ein rimeleg frist for oppstart og gjennomføring av arbeidet. Dersom fristen ikkje blir halden, kan Grunneigaren i staden krevje erstatning.

Grunneigaren er utan noko ansvar som måtte oppstå som følgje av Leigetakarens verksemd på Eigedommen, mellom anna alle skadar av eller på hest eller ryttrar som ferdast i samsvar med avtalen.

Ut over dette gjeld dei vanlege erstatningsrettslege reglane og prinsippa.

13. ETTEROPPGJER

Dersom det blir gjennomført tiltak som nemnt i punkt 5, skal anlegget vederlagsfritt tilfalle Grunneigaren når avtalen er avslutta (fråvikinga). Dette gjeld likevel ikkje når Leigetakaren har sagt opp avtalen på grunn av vesentleg misleghald frå Grunneigaren, jf. punkt 11.

Partane kan fråvike første ledd ved særskild avtale vedlagt som **Bilag F** til denne avtalen.

14. SÆRLEGE PLIKTER, OFFENTLEGE REGULERINGAR O.L.

Avtale som omfattar bruk av jordbruksareal eller tiltak som er nemnde i punkt 4 andre avsnitt, må sendast over til kommunen for godkjenning. I andre tilfelle må avtalen sendast over til kommunen når han er inngått for minst 10 år, eller når Leigetakaren har ein vilkårslaus rett til å krevje forlenging slik at samla leigetid blir minst 10 år.

Dersom det er motstrid mellom denne avtalen og ufråvikeleg regel i eller i samsvar med lov, går sistnemnde framfor føresegnene i avtalen utan ansvar for Grunneigaren. Det same gjeld dersom avtalen ikkje kan effektuerast utan offentleg løyve, og slikt løyve ikkje blir gitt.

Alle som byggjer rett på denne avtalen, har plikt til å opptre omsynsfullt, etterleve avtalevilkåra, og følgje lov og anna regelverk gitt av det offentlege. Leigetakaren skal opplyse alle i si teneste om dette, og alle som elles nyt godt av Leigetakarens tilbod eller rettar etter denne avtalen.

15. GRUNNEIGARENS VERKSEMD

Avtalen er ikkje til hinder for ordinær verksemd på Eigedommen, mellom anna jakt og bruk av maskinar. Når det blir ytt vederlag etter punkt 8-1 andre avsnitt første setning (ut over det som går fram av andre setning), skal Leigetakaren få førehandsvarsel i rimeleg tid før Grunneigaren set i gang verksemd som må reknast å ha innverknad for Leigetakarens verksemd. Dette gjeld likevel ikkje når innverknaden må reknast for ubetydeleg.

16. TVIST

Eventuell tvist skal partane prøve å løyse på minneleg vis. Kvar av partane kan krevje at det blir gjennomført forhandlingar før saka kjem inn for forliksrådet eller domstolane. I samband med det kan partane i fellesskap engasjere ein advokat som skal mekle mellom dei.

17. BILAG

Følgjande bilag gjeld som ein del av denne avtalen (set kryss):

- Bilag A – Utvida leigetakarliste
- Bilag B – Kart
- Bilag C – Tiltaksplan
- Bilag D – Ordensreglar
- Bilag E – Synfaringsrapport (start)
- Bilag F – Avtale om etteroppgjer ved fråviking
- Bilag G – Anna: _____
- Bilag H – Anna: _____

18. SIGNATURAR

Stad: _____, den ____ . ____ . ____

(Grunneigarens signatur)

(Leigetakarens signatur)

Denne avtalen er eit samarbeid mellom Norges Bondelag, Norsk Hestesenter, Norges Skogeierforbund, Norges Rytterforbund og Det Norske Travselsskap. Utgivaren er utan ansvar som følgje av feil ved avtalen eller endringar i teksten. Utgitt den 1.11.2010.